

Til: Plan- og bygningsutvalet i Os,
Postboks 84, 5202 Os

Kopi til: Os kommune v/plansjef Aina Tjosås

Frå: Foreininga «Bevar Fjellheim»

INNSPEL TIL KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2015 – 2027

SAKSNR. 13/3160

Fjellheim må vera med i ei heilskapeleg utvikling av «Liv på Osøyro»

Generelt.

Vi syner til plansjef Aina Tjosås i Os kommune som kom med ei sterk oppfordring i Oseana om å koma med innspel til kommuneplanen som no er lagt fram. Foreininga «Bevar Fjellheim» har lese og analysert planen som er ute på høyring, og vi var også representerte i salen under foredraget til Michael Fuller-Gee i Oseana 21.04.

Det er positivt at kommuneleiinga nyttar god tid og ekspertise slik at vi får ein grundig analyse av korleis Os-bygda skal sjå ut, og fungera i framtida.

Vi har konsentrert vårt innspel om hovudpunkt pkt. 5 i planen: *Utfordringar, mål og strategiar* med underpunkt 5.3 og 5.6.

Innleiingsvis vil vi sitera frå pkt. 2, Os Inspirerer: «*Vi vil lytte til alle som tek kontakt for å gje oss gode råd*»

Foreininga «Bevar Fjellheim» vonar at plansjefen vil nytta kommuneplanen som no ligg føre som eit verktøy til å sjå på innspela frå oss vedk. Fjellheim med nye auge.

Foreininga «Bevar Fjellheim» har tidlegare sendt eit fire siders brev (datert 10.04.2014) til Plan- og bygningsutvalet i Os i samband med «Offentleg ettersyn av områderegulering Kverneelva – Stegen, Fjellheim» (arkivnr. 11/130, saksnr. 37/2014. For å forstå heile sakskomplekset og argumentasjonen frå «Bevar Fjellheim» er det viktig at plansjefen ser på innspelet frå 10.04.2014 til områdereguleringa, som ein lekk i innspelet til kommuneplanen.

Vi i «Bevar Fjellheim» har i fleire år arbeidd og argumentert for å ta vare på Fjellheim som har vore eitt av dei viktigaste monumentale og kulturhistoriske bygg i Os. Etter ei fullstendig oppgradering i 1990 – 1992 fekk Fjellheim-bygget større bruksverdi enn tidlegare, og bygget er i ei mykje betre forfatning i dag enn det folk flest er klar over. Tilstandsrapporten som er utarbeidd, syner at det ikkje er dei store kostnadskrevjande tiltaka som skal til før bygget kan nyttast slik som før.

Med Fjellheim følgjer det også ei unik kulturhistorie som bør førast vidare til komande generasjonar.

Pkt. 5.3 Kunst, kultur og fritid

I innleiinga til dette punktet står det bl.a:

I 2027: «Alle osingar kjenner til Os si historie og historiske bygg, og områder vert brukt aktivt i kulturformidling og identitetsskapande arbeid»

Dersom vi skal formidla Osøyro si kulturhistorie vidare til komande generasjonar, eller til dømes som del av ei «kulturløype», då er det lite framtidsretta å riva Fjellheim.

Michael Fuller-Gee var også inne på dette tema, og han meinte at viktige signalbygg bør ein ta vare på. Er bygget borte, er det tapt for alltid.

Pkt. 5.3.2 underpunkt F.3

«Vi vil vera ein attraktiv kommune som tar i vare vår historiske identitet»

Utviklinga i Os sentrum og Osøyro i åra framover vil vera ein viktig indikator på om politikarane og kommuneleiinga gjorde dei rette vala i 2015. Diverre ser vi at kortsiktig vinst ved ein utbyggingsplan har blitt overordna sentrale punkt i kommuneplanen. (Jf. Reguleringsplanen for Stegen- Kverneelva, Fjellheim).

Pkt. 5.6 Tettstadsutvikling - Osøyro

Det har vore mange «ballar i lufta» kring utviklinga av Os-bygda framover, og det kan også vera vanskeleg å følgja med på alle planane som blir lanserte. Asplan Viak sin mogelegheitsstudie «*Liv på Øyro*» ligg til grunn for fleire av punkta i planen som ligg føre. I pkt.T.1 s.20 står det bl.a. at «*å ta vare på den historiske identiteten og viktige kulturminner*» som eitt av fleire verkemiddel til å få eit levande, attraktivt og trygt Osøyro. Etter 100 år med Fjellheim vart praktbygget Oseana på Mobergsneset teke i bruk i 2011. Vi har eit topp moderne signalbygg i sjøkanten, og det gamle kulturhuset Fjellheim som naturleg tilbaketrekt frå sjøen. Vi har ein alle tidars sjanse til å synleggjera ei sovande kulturhistorie ved å knytta historisk bygg og kulturhistorie saman til dømes med ei kulturløype som kan ha start og endepunkt i Oseana.

Det er ikkje for seint å snu

Det er fleire døme på at den politiske leiinga i andre kommunar har snudd i slike saker når argumenta for bevaring av bygg blir sterke nok. Då Voss kulturhus sto ferdig i 2010 vart «Gamlekinoen» avskriven som kulturbygg i første omgang. Sterke kulturfolk (bl.a Ole Didrik Lærum) og musikarar i kommunen fekk politikarane til å skjønna at det var bruk for huset likevel. I samarbeid med bl.a fylkeskonservatoren skal «Gamlekinoen» på Voss no rustast opp, i første rekkje fordi det var behov for øvingslokale for musikarar. Fjellheim er til samanlikning i mykje betre stand enn «Gamlekinoen» på Voss.

Korleis kan Fjellheim nyttast som samfunnshus?

Sjølv om det er planlagt ny gymsal med scene og andre fasilitetar i tilknytning til Os ungdomsskule, vil det vera eit stort behov for å ha eit større samfunnshus/brukshus i sentrum. Prognosane for folketalet i Os sentrum og kringliggjande område (til dømes Bjånes) vil åleine pressa fram fleire møteplassar i sentrumsregionen.

Kjellaretasje. Nokre døme:

Alle typar dans (kjellaretasjen er skreddarsydd til dans/ballett), møtelokale for foreiningar og lag, utstillinger, trim og frisklivsgrupper, kurs, øvingslokale til musikkgrupper osb.

Storsal m/scene Nokre døme:

Øvingslokale til Os Musikkforening, volleyballtrening, turnpartier, karatetrening/ taekwondo, trimparti, øvingslokale til musikalar, dansekurs for unge og eldre, klatrevegg (kan monterast mot galleriet), litteraturhus (jf. litteraturhuset i Bergen).

Det er nesten ikkje grense for kva for aktivitetar som kan drivast i Fjellheim.

Vi må ha gode og naturlege møteplassar for alle aldersgrupper heile året. Fjellheim står framleis der, og det er ikkje for seint å ta Fjellheim med i planane for «Liv på Øyro»

Avslutning:

På vegner av nesten 4000 innbyggjarar i Os ønskjer vi at Fjellheimbygget vert ståande og brukt som samfunnshus for Osøyro-regionen.

Det er behov for eit samfunnshus og brukshus i sentrum i tillegg til Oseana.

Kommuneadministrasjonen og lokalpolitikarane har tidlegare fått oversendt liste med nesten 4000 underskrifter og argumentliste for bevaring av Fjellheim.

Vi vil avslutningsvis igjen sitera frå Os Inspirerer: «*Vi vil lytte til alle som tek kontakt for å gje oss gode råd*».

Rådet frå oss i «Bevar Fjellheim» er altså:

Fjellheim må vera med i ei heilskapeleg utvikling av «Liv på Osøyro»



Fjellheim 2027

For foreininga «Bevar Fjellheim»

Tore Moberg